

Odd Helge Mjellem Tonheim

Elevar si utvikling i matematikk i løpet av eit år.

Mine forskingsspørsmål er førebels: Kva kunnskapar i matematikk viser elevar i klasse 4 og klasse 7 ved starten og ved slutten av skuleåret? Kva utvikling gjennomgår elevane sine kunnskapar i løpet av eit skuleår? Kva utvikling verkar problematiske i høve til Mønsterplanen sitt mål og dei oppsette kompetansemål? Korleis kan ein forklara observasjonane?

Eg har koda og analysert testane i KUL-LCM prosjektet, gjennomført våren 2005. Testane eg har arbeidd med var gjort av elevar i 4. og 7. klasse. Analyse av desse oppgåvene og samanlikning med oppgåver i testane som vart gjennomført for same elevane hausten 2004, utgjer hovudtyngda av mi masteroppgåve.

Teoretisk vil eg ta utgangspunkt i kompetanseomgrepet som ein finn hjå Niss og Højgaard Jensen (2002), som dei m.a tar for seg i rapporten: *Kompetencer og matematiklæring: Ideer og inspiration til udvikling af matematikundervisning i Danmark*. Vidare vil eg sjå på ulike typar av kunnskap, og skilnaden på omgrepskunnskap (conceptual knowledge) og prosedyrekunnskap (procedural knowledge) stå sentralt i oppgåva. Viktige namn her er: Hiebert, J.; Haapasalo, L. & Kadujevich, D.

I løpet av seminaret vil eg òg gå inn på nokre konkrete oppgåver og presentera resultat frå dei. Vidare vil nokre oppgåver verta samanlikninga med oppgåver frå testen som vart gjennomført i 2004.

Rettleiarar: Trygve Breiteig og Barbro Grevholm